

Haugen VVA AS
Kanalveien 5
5068 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/2959 - 21/31820

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
03.01.2022

Løyve til utslepp av avløpsvatn - Slamavskiljar - gbnr 214/2 Fyllingsnes

Administrativt vedtak: **Saknr: 556/21**

Byggestad: Gbnr: 214/2
Tiltakshavar: Alver kommune Teknisk Forvaltning og Drift
Ansvarleg søker: Haugen VVA AS
Type utslepp: Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 10.000 pe til sjø
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 13-3

VEDTAK

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 13-5 vert det gjeve utsleppsløyve for kommunalt avløpsanlegg på gbnr 214/2 Fyllingsnes på følgjande vilkår:

1. Det skal monterast tilstrekkeleg dimensjonert typegodkjent slamavskiljar. Restutsleppet frå slamavskiljaren skal førast i tett leidning til sjø som omsøkt og vist på kart.
2. Utsleppet frå eigedomen vert gitt for 350 pe.
3. Slamavskiljaren må plasserast slik at avstand til plass med mogelegheit for parkering av tømmebil vere maksimum 100 meter, og botnen av anlegget må då ikkje leggjast lågare enn at løftehøgda til tømmebil ikkje overstig 8 meter.
4. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstilla krav i Forskrift om begrensning av forurensing, §§ 13-6 til 13-16.
5. Tiltaket er søknadspliktig etter Plan- og bygningslova. Søknad om løyve til tiltak må sendast inn av kvalifisert føretak og godkjennast før arbeidet kan setjast i gang.
6. Etablering av tiltak i sjø skal godkjennast av Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS før arbeida vert sett i gang.
7. Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for avløpsanlegget må det ligge føre stadfesting frå montør, og koordinatar for plassering av anlegget.

SAKSUTGREIING

Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for kommunalt avløpsanlegg på gbnr. 214/2 Fyllingsnes. Alver kommune skal etablera nytt avløpsanlegg for eksisterande og nye bustadar langs Fyllingsnesvegen og Littlevågsbrotet. Avløpsanlegget skal dimensjonerast for inntil 86 bustadar og framtidig skule. Avløpsanlegg på eksisterande eideomar, som i dag har private enkeltanlegg, vil bli sanert. I tillegg skal avløp frå bustadane innanfor den nyleg godkjende reguleringsplanen for Nystøltunet (planid. 1263-201603) koplast til anlegget.

I søknaden er det opplyst at utsleppa skal reinsast i slamavskiljar før utsleppet vert ført vidare i tett utsleppsledning som går til sjø. Storleiken til utsleppet er opplyst til 350 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 29.03.2021.

Planstatus

Tiltaket skal etablerast i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Lindås 2019-2031 (planid. 1 263201 805) sin arealdel er definert som LNF-føremål og friområde på land. Arealet i sjø er avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone. Sjøarealet er registrert med omsynssone friluftsliv. Området inst i vågen er avsett til friområde i sjø. Eit område langs austre del av vågen er omfatta av faresone ras- og skredfare.

Det går ein bekk gjennom området. Byggegrensa langs bekken er 20 meter.

Dispensasjon

Tiltaket krev søknad om dispensasjon frå arealføremåla LNF og friområde, pbl § 1-8, byggeforbodet i strandsona, og byggegrensa mot vassdrag, jf. føresegner 2.6.1.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4 nr. 2. Nabovarslinga er gjort i søknad om løyve til tiltak etter Plan- og bygningslova, sak. 21/569.

I alt 92 naboeigedomar er varsle. Totalt 8 nabomerknadar ligg føre. Ansvarleg søker har kommentert samtlege merknadar.

Uttale frå anna styresmakt

Søknad om løyve til tiltak etter Plan- og bygningslova har vore send på høyring til Statsforvaltaren i Vestland, Vestland fylkeskommune, Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS, Norges Vassdrags- og Energidirektorat og Alver si landbruksavdeling og avdeling for samferdsel, veg, vatn og avløp forvaltning.

Plassering

Plassering og utsleppsstad går fram av vass- og avløpsplan, teikning nr. GH01 rev. B datert 21.04.2021.

Reinseløsing

Utsleppet frå eigedomen skal reinsast i slamavskiljar før det reinsa utsleppet vert ført vidare i tett leidning til sjø. Reinseløsinga stettar krava til utslepp i mindre følsamt område.

Drift og vedlikehald

Eigedomen skal inngå i kommunal slamtømmeordning.

Kap.13

Slamavskiljar skal tømmast heilt for slam etter behov, og ikkje sjeldnare enn kvart 2. år, jf. forureiningsforskrifta § 13-11.

Privatrettslege tilhøve

Avløpsanlegget skal plassert på gbnr. 214/2 Fyllingsnes. Utsleppsleidningen er lagt på eigen eideomg. gbnr. 214/ 114 fram til utsleppsstad.

Det ligg føre skriftleg avtale datert 20.01.2021 mellom tiltakshavar Alver kommune og eigar av gbnr. 214/2 om rett til kjøp av areal for plassering av slamavskiljar.

VURDERING

Det er ikkje offentleg kloakkanlegg i området.

Søknad om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast slik han ligg føre med utslepp via slamavskiljar til sjø. Reinseløysinga stettar krava til utslepp i mindre følsamt område.

Dispensasjon

Handsaming av dispensasjonssøknad vert gjort i samband med søknad om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova, sak. 21/569.

Nabovarsling

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4 nr. 2. Nabovarslinga er gjort i søknad om løyve til tiltak etter Plan- og bygningslova, sak. 21/569.

I alt 92 naboeigedomar er varsle. Totalt 8 nabomerknadene ligg føre. Ansvarleg søker har kommentert samlege.

Vurdering av nabomerknadene vert gjort i samband med sakshandsaming av søknad om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova, sak. 21/569.

Uttale frå anna styresmakt

Vurdering av uttalar frå anna styresmakt vert gjort i samband med sakshandsaming av søknad om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova, sak. 21/569.

Plassering

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen si vurdering godkjennast i samsvar med situasjonsplan datert 21.04.2021.

Godkjenning etter andre lovverk

Etablering av avlaupsanlegget krev løyve etter plan- og bygningslova Kap 20.

Søknad om løyve til etablering av avløpsanlegg etter plan- og bygningslova vert handsama i eige vedtak i saksnr. 21/569.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller saerskilt klagenemnd, jf. [forurensningsloven § 85](#) 2.ledd og

forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak fatta av kommunestyret er Statsforvaltaren klageinstans.

Enkeltvedtak fatta i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Statsforvaltaren, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føreseggnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablera utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Tilsyn, endring og opphør av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekka kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/2959

Med vennleg helsing
Alver kommune

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune Teknisk
Forvaltning og Drift
Haugen VVA AS

Postboks 79
Kanalveien 5

5906
5068

FREKHAUG
BERGEN

